



**STUDENT**

**PARLAMENTET**

VED HØGSKULEN I VOLDA

## Protokoll

### Studentparlamentsmøte 01.03.2023

**Tid** Onsdag 01.03.23 kl 16.00-19.00.  
**Stad** Konferanserommet, Rokken 2. etg.

**Til stades med stemmerett: 9**

**AHL** Sindre Rabben Tronstad  
Veronica Bjørdal Sæternes  
**AKF** Preben Rosenvinge  
Leni Ailin Krogsæter Skjegstad

**AMF**

-

**ASH** Jenny Nystad  
Marte Lohne

**FRI** Maher Othman

Joachim Selsbakk Hansen  
Liza Wilhelmina Nieuwenhuis

**Meldt forfall:** Rikke Jenny Pettersen (ordstyrar), Ronda Kristine Bekkevoll (infoansv.),  
Simen Toverud (AMF), Simen Vederhus (AMF), Sissel Elin Ruset (AKF)

**Til stades utan stemmerett**

**AU** Trond-Fredrik Hoddevik (leiar), Andrine Kompen (velferd), Nikolai  
Skaug Kolstad (fag), Ammy Bolme (int.),

**Ordstyrar** Andrine Kompen

**Referent** Marit Aklestad (organisasjonsrådgjevar)

**Andre møtande** Rektor Johann Roppen (sak 50), velferds- og likestillingsansvarleg i NSO  
Maya-Katrin Skjeldal (sak 52-53).

## Saksliste

Sak 47 – 22/23: Opprop og val av møteleiing .....	2
Sak 48 – 22/23: 1. Godkjenning av innkallinga .....	3
Sak 48 – 22/23: 2. Godkjenning av saksliste .....	3
Sak 48 – 22/23: 3. Godkjenning av referat frå møte 25.01.23 .....	3
Sak 49 – 22/23: Orienteringar .....	4
Sak 50 – 22/23: Resultat frå Studiebarometeret 2022 .....	4
Sak 51 – 22/23: Styresamansetjinga i SiVolda .....	5
Sak 52 – 22/23: Besøk frå NSO – Norsk Studentorganisasjon .....	6
Sak 53 – 22/23: Val av delegasjon til NSO landsmøte .....	6
Sak 54 – 22/23: Komité for endring av styringsdokument .....	7

## Sak 47 – 22/23: Opprop og val av møteleiing

---

**Namneoppop.** 9 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

### Val av møteleiing

#### Vedtak (samrøystes):

- Andrine Kompen er dagens ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad er dagens referent
- Marit Aklestad og Andrine Kompen er dagens teljekorps

## Sak 48 – 22/23: 1. Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

## Sak 48 – 22/23: 2. Godkjenning av saksliste

Type sak: Vedtakssak

AU føreslo å handsame sak 50 før sak 49.

### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtek sakslista for møtet med den endringa at sak 50 blir handsama før sak 49.

		<b>Dagsorden for studentparlamentsmøte 25.01.23</b>		Saksansvarleg
16.00	00	Felles middag		
16.30	47	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar
	48	Godkjenningar: Innkalling, saksliste og referat	V	Ordstyrar
16.40	49	Orienteringar	O	Leiar
16.50	50	Resultat frå Studiebarometeret 2022	O	Leiar
17.20	51	Styresamansetjinga i SiVolda	V	Nestleiar
17.40		Pause		
17.55	52	Besøk frå NSO	O	NSO
18.30	53	Val av delegasjon til NSO Landsmøte	V	NSO
18.40	54	Komité for endring av styredokument	V	Nestleiar
19.00		Møtekritikk, møteslutt		

## Sak 48 – 22/23: 3. Godkjenning av referat frå møte 25.01.23

Type sak: Vedtakssak

### Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 25.01.23.

## Sak 49 – 22/23: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

---

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Nytt fadderstyre – jobbar framleis med rekruttering
- Gjennomført studentloppemarknad 14.02.
- Tilsetjing av 3 nye dekanar er i prosess
- Leiingsmøte, tok opp sak om finansiell situasjon til Studentparlamentet
- Møte med Arild Hermstad, leiar for MDG
- Innspel på korleis vi skal bruke dei 100.000 kr. Blir vedtakssak til neste møte, sjå vedlagt oversikt.
- Parkeringssituasjon på Høgskulen
- Miljøfyrtårn
- SAIH Vintersamling
- Gerd Mette Vatne Drabløs er ny studiedirektør
- VSI – styrkerom
- Utdanningsutvalet – ChatGPT
- Naustet ved Rotevatnet tek form
- Nytt allmøte for tillitsvalde 9. mars. Tema: Læringsverkstaden, ChatGPT, studentrettar og eksamen.

## Sak 50 – 22/23: Resultat frå Studiebarometeret 2022

Type sak: Orienteringssak

---

Rektor Johann Roppen presenterte resultatene for årets Studiebarometer og det var ope for spørsmål, innspel og kommentarar.

HVO gjer det overordna sett betre enn i fjor, og ligg over landsgjennomsnittet i undersøkinga. Variasjon mellom studium og avdelingar er stor, og leiinga ved HVO oppmodar studentane til å sjå nærare på tala på <https://www.studiebarometeret.no/nn> og gjere samanlikningar, samt ta opp resultatene i kvalitetsutval på sine studium.

## Sak 51 – 22/23: Styresamansetjinga i SiVolda

Type sak: Vedtakssak

---

Styreleiar i SiVolda, Jenny Nystad, orienterte om saka knytt til at varamedlemmar til styret har slutta som studentar og flytta frå Volda.

### Debatten:

Representantane i parlamentet slutta opp om styreleiar i SiVolda sin forståelse av situasjonen, og fann det rimeleg å forplikte styremedlemmar i SiVolda om å vere studentar ved Høgskulen i Volda med betalt semesteravgift.

### Studentparlamentet tok AU sitt forslag til vedtak opp til votering

- Ingen endringsforslag

### Votering:

**Punkt 1, 2 og 3:** samrøystes vedtatt

**Punkt 4:** Sitjande 3. vara Andrine Kompen, trekte seg frå sitt verv som 3. vara. Desse stilte til val: Joachim Selsbakk Hansen (1. vara), Lisa Wilhelmina Nieuwenhuis (2. vara), Preben Rosenvinge (3. vara). Valde ved akklamasjon.

### Vedtak:

1. Studentparlamentet får lagt fram sak til neste møte med forslag om endring av valreglementet.
2. Ny tekst vil ha til intensjon at berre studentar ved Høgskulen i Volda er valbare til styret i SiVolda, og at Studentparlamentet gjennomfører suppleringsval når styremedlemmar/varamedlemmar sluttar som student ved HVO.
3. Studentparlamentet viser til Forskrift om studentsamskipnader §6, tredje ledd, og vel på bakgrunn av denne å avsetje to av dei sitjande varamedlemmane i styret i SiVolda, grunngjeve med at dei ikkje lenger er studentar ved Høgskulen i Volda.
4. Studentparlamentet vel ny varaliste til styret i SiVolda 22-23:

Joachim Selsbakk Hansen – 1. vara

Liza Wilhelmina Nieuwenhuis – 2. vara

Preben Rosenvinge – 3. vara

## Sak 52 – 22/23: Besøk frå NSO – Norsk Studentorganisasjon

Type sak: Orienteringssak

---

AU har invitert Maya-Katrin Skjeldal, vår kontaktperson og velferds- og likestillingsansvarleg i AU i NSO, på dagsbesøk. Tidlegare på dag har AU teke henne med på omvisning i Aasen-tunet/Nynorsk Kultursentrum, hatt samtalar med adm. dir. i SiVolda, fått omvisning på Rokken og helsa på studenthumanisten og studentpresten, i tillegg til samtalar med AU.

I møtet orienterte ho om NSO sin nasjonale politikk, dagsaktuelle saker og komande saker til Landsmøtet 14.-16. april, samt info om kva det vil seie å vere delegat på landsmøtet.

## Sak 53 – 22/23: Val av delegasjon til NSO landsmøte

Type sak: Vedtakssak

---

Maya-Katrin Skjeldal frå NSO orienterte om saka. Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda har 3 delegat-plassar på landsmøtet (LM). Delegasjonen bør i tillegg ha minst 3 studentar på varalista. Studentparlamentet har hatt som tradisjon å sende 1. vara som observatør til LM saman med delegasjonen på 3.

### Desse stilte til val:

Liza Nieuwenhuis, Joachim Selsbakk Hansen, Maher Othman, Nikolai Skaug Kolstad, Trond-Fredrik Hoddevik, Ronda Kristine Bekkevoll (fremja av AU sidan ho ikkje var til stades i møtet), Ammy Bolme.

**Votering:** urneval

### **Vedtak: Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda sin delegasjon til LM NSO 2023**

Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik – delegat

Nikolai Skaug Kolstad – delegat

Maher Othman – delegat

Ronda Bekkevoll – 1. vara / observatør

Joachim Selsbakk Hansen – 2. vara

Liza Wilhelmina Nieuwenhuis – 3. vara

Ammy Bolme – 4. vara

## Sak 54 – 22/23: Komité for endring av styringsdokument

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggjar: Nestleiar

---

Nestleiar Ammy Bolme orienterte om saka og la fram AU sitt forslag til vedtak om å velje inntil 5 studentar til komité for endring av styringsdokument. Komiteen får i oppdrag å leggje fram forslag til endringar til neste møte, 29.03.23.

### Desse ønskte å delta i komitéarbeidet:

Jenny Nystad, Joachim Selsbakk Hansen, Maher Othman, Leni Ailin Krogsæter Skjegstad

Frå AU: Ammy Bolme.

### Vedtak (samrøystes)

1. Studentparlamentet vel Ammy Bolme, Jenny Nystad, Joachim Selsbakk Hansen, Maher Othman, Leni Ailin Krogsæter Skjegstad til komité for endring av styringsdokument. Komiteen legg fram si innstilling til neste møte, 29.03.23.
2. Nestleiar Ammy Bolme vil leie arbeidet.

Ingen eventuetsaker.

Møteslutt kl 19.00